

Protokoll

Formål: Møte i Helseutvalet
Møtetid: 05.12.2014, kl. 9 - 12
Stad: Møterom Regionrådet
Til stades: Tord Moltumyr, Jon Askeland, Astrid Aarhus Byrknes, Odd Ivar Øvregård, Karstein Totland, Øyvind Olsnes, Rune Heradstveit, Anita Sørtveit og Anne Hildegunn Færøy
Møteleiar: Astrid Aarhus Byrknes
Sekretær: Anne Hildegunn Færøy

| SAKS NR | SAKER | Orientering Vedtak Drøfting |
|---------|---|-----------------------------|
| 30/14 | Saksliste og innkalling - godkjent utan merknader | V |
| 31/14 | Protokoll frå utvalsmøte 12.09.2014 - godkjent utan merknader | V |
| 32/14 | <p><u>Lokalisering av- og tilgang på legespesialistar i Nordhordland</u></p> <ul style="list-style-type: none"> - Astrid Byrknes, Tord Moltumyr og Anne H. Færøy orienterte om møte med øvste administrative leiarnivå i Helse Bergen og Haraldsplass Diakonale Sykehus 21.november d.å. Eit møte som Helseutvalet hadde tatt initiativ til. - I møte vart det drøfta fordeling og lokalisering av private avtalespesialistar i føretaksområdet, og om det er grunnlag for å vurdere etablering av legespesialistar/polikliniske tenester i Helsehuset i Nordhordland - Dette er ei todelt sak der ein diskuterer lokalisering/fordeling av privatpraktiserande avtalespesialistar som har med avtale med Helse Vest RHF og etablering av polikliniske spesialisthelsetenester(satellitt tenester) drifta av Helse Bergen/HDS. - Ein opplevde at representantane frå helseføretaket hadde forståing for spørsmåla som var stilt. HB og HDS ser at dette er eit viktig tema å drøfte, og vil sjå på om det er tenleg og mulig å få til ei satellitt-/desentralisert tilgang på spesialiserte helsetenester. - Helseføretaket ser at det er behov for å sjå nærare på muligheter for å lokalisere legespesialistar i Helsehuset, og kva spesialitetar det er tenleg å lokalisere i regionen. - Arbeidet med etablering av satellitt -/polikliniske tenester må følgjast opp gjennom dialog med HB og HDS. - Samtidig bør arbeidet med lokalisering og tilgang på private avtalespesialistar følgjast opp i ein større samanheng, og løftast opp på eit høgare politisk nivå. <p><u>Konklusjon:</u> Helseutvalet ber om at saka vert arbeidd vidare med, og at det blir utarbeidd eit grunnlag for sak som kan meldast inn til overordna politisk nivå.</p> | O/D |
| 33/14 | <p><u>Helsehusprosjektet</u></p> <p>Kort status for byggeprosjektet:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Intensjonsavtale om kjøp av tomt frå Statens Vegvesen er på plass. - Kontrakt med prosjektleiing er inngått. Det er SWECO som har fått oppdraget. - Møte med Lindås kommune og Helse Bergen er gjennomført for å sikre at interne | O/D |

| | | |
|-------|---|---|
| | <p>prosesser vert sett i gang hos dei største leigetakarane.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Avtale om etablering av eige interkommunalt selskap for Helsehuset er vedtatt i alle kommunestyra. Stiftingsmøte for det nye selskapet – Region Nordhordland Helsehus IKS er fredag 12.12.14 - Selskapet skal ha eige styre, samansett av byggfagleg, helse og administrativ kompetanse. - Søknad om byggelån må ut på DOFFIN. Dette skjer innan kort tid. - Styringsgruppe blir samansett av øvste leiing frå dei største leigetakarane. <p>Helsetenesteutvikling og vegen vidare:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Vidare vart det presentert tankar og innspel til korleis ein kan sikre at Helsehuset blir det «fyrtårnet» som var tenkt, og korleis ein kan ivareta og arbeide vidare med intensjonane ein har hatt med konseptet. - NUI har i samarbeid med Roar Hansen, som driv med prosess og prosjektassistanse vurdert <ul style="list-style-type: none"> o prosessen fram til no. o korleis legge til rette for utvikling og nytenking i samband med vidare utredning- og utviklingsarbeid? o korleis sette partane saman, sikre gode prosess og etablere ein hensiktsmessig prosjektorganisasjon? - Roar Hansen presenterte resultat av arbeidet og formidla tankar rundt realitetar, visjonar og vegen vidare. PP frå presentasjonen er vedlagt i e-post. <p>Helseutvalet takkar for godt innlegg og gode innspel til å løfte prosjektet til å bli eit fyrtårnsprosjekt. Det er viktig å løfte fram dei gode visjonane. Samtidig vert det peika på at fyrtårnstenkinga må handle om meir enn det som skal inn i huset – eit like viktig spørsmål er korleis kan ein bruke denne arenaen til å skape det gode tilbodet i kommunane, og korleis sikre synergien mellom Helsehuset som ein samarbeidsarena og tenester i kommunane?</p> <p><u>Konklusjon:</u> Helseutvalet ønskjer å få tilsendt rapporten som ligg til grunn for presentasjonen, og vil følgje opp innspela som ligg i rapporten på neste møte. Denne blir sendt ut i eigen e-post. Vidare er det meldt inn eit behov for statusoppdateringar og orientering om framdriftsplan for byggeprosjektet, kva tenester som skal inn der og kva planar ein har for samarbeid og utvikling. NUI arbeider med dette, og målet er at det fortløpande skal leggest slik informasjon på www.nordhordland.net</p> | |
| 34/14 | <p><u>Etablering av lærings- og mestringstilbud i Nordhordland</u></p> <ul style="list-style-type: none"> - Bente Bø Taule, prosjektleiar for LMS i Nordhordland, orienterte om modell for kompetansebygging blant tilsette i kommunane, og oppstart av pasientretta kurs etter lærings- og mestringsmodellen. <p>Det er eit mål at tilsette i kommunane skal få tilbod om Helsepedagogikkurs ved Lærings- og mestringscenteret i Bergen. Første kurspakke startar over nyttår. Vidare vil ein starte med pasientretta kurs ila vårparten. Utvikling av tilbodet skjer i tett samarbeid med LMS Bergen. Ein ser også til erfaringar frå liknande tilbod i Fjell og modell som er utvikla der.</p> <p><u>Konklusjon:</u> Helseutvalet takkar for god orientering og synest det var nyttig å bli orientert om eit konkret tiltak som skal starta opp.</p> | O |

| | | |
|-------|---|---|
| 35/14 | <u>Orientering frå andre utval</u> <ul style="list-style-type: none"> - Regionrådet <ul style="list-style-type: none"> o Regionrådet har starta ein diskusjon rundt utvalsstrukturen, og ber om at Helseutvalet startar ein diskusjon når det gjeld rolle og mandat for utvalet. - Rådmannsutvalet(RU) <ul style="list-style-type: none"> o LAR – innføring av ny betalingsordning for legemiddelassistert rehabilitering(LAR), der helseføretaket skal dekke kommunane sine kostnader ved LAR behandling. Odd Ivar orienterer om at Rådmannsutvalet(RU) har oppnemnt eit lite utval som skal ivareta dialogen med Helse Bergen(HB) på vegne av kommunane i Nordhordland. I følgje HB er dato for start på den nye betalingsordninga sett til 1.oktober 2014. Kommunane i Nordhordland er ikkje samd i at det er denne datoen som gjeld, og er i forhandlingar med føretaket om dette. o Smittevern – sak meldt inn til RU, der det var initiert eit interkommunalt samarbeid innan smittevern. Dei har konkludert med at det ikkje er ønska etablering av egne særordningar for dette området. Saka er lagt litt på vent i fht overordna krav om tilgjengelegheit. o Det er etablert eit interkommunalt møtefora for kommunalsjefar innan helse og omsorg - dette er å sjå som eit møtefora på linje med andre samarbeidsorgan, skal arbeida etter eige mandat godkjent av RU. | O |
| 36/14 | <u>Møtekalender for 2015</u> <ul style="list-style-type: none"> - Møtetid og møtefrekvens: Det er semje om at utvalet skal ha tre møter i første halv år, og to møter i andre halvår. Det ver sett opp fleire møter dersom utalet har behov for det. Møtetid blir som før; fredagar kl. 9 – 12. - NUI får i oppdrag å samordna HU sine møter med andre interkommunale/regionale møtefora, og det må samordnast med vidare prosess i Helsehusprosjektet. - Forslag til møtekalender for 2015 blir lagt fram for Regionrådet 12.12.2014 for godkjenning. | D |
| 37/14 | <u>Eventuelt</u> Ingen saker meldt. | |